

# Forskrift om stenging av sanitæranlegg ved campingplassar, bubilcamping, gjestehamner i samband med Covid-19

Heimel: Fastsett av kommunestyret i Austrheim kommune 23. april 2020, med heimel i lov av 5. august 1994 nr. 55 om vern av smittsomme sykdommer § 4-1 første ledd bokstav b.

## **§ 1 Føremål**

Forskrifta gjeld tiltak i Austrheim kommune som skal førebyggje og hindre spreing av smitte av covid-19, samt avgrense belastning på helse- og omsorgstenesta i kommunen.

## **§ 2 Stenging av av sanitæranlegg ved campingplassar, bubilcamping og gjestehamner**

Sanitæranlegg ved campingplassar, bubilcamping og gjestehamner for fritidsbåtar i Austrheim kommune skal vere stengde.

## **§ 3 Økonomisk ansvar**

Austrheim kommune tek ikkje økonomisk ansvar som følgje av pålagde tiltak.

## **§ 4 Verknadstid**

Forskrifta trer i kraft straks, og gjeld inntil vidare. Forskrifta vert oppheva når tiltaka ikkje lenger er naudsynt, jf. smittevernlova § 4-1, 5. ledd.